



Årsmøte 2021

(dato og stad ikkje bestemt pr.1.4.21)

Sakliste med saksdokument og forslag:

1. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under møteboka.
Forslag frå styret: Møteleiar: Åsmund Skrivar: Elisabeth. Underskrivarar: To av dei som møter.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
Endeleg innkalling vert sendt når dato og stad er bestemt. Sakliste ligg vedlagt.
Forslag frå styret: Innkalling og sakliste vert godkjent.
3. Årsmelding for 2020.
Årsmelding ligg vedlagt.
Forslaget frå styret: Årsmeldinga vert godkjent.
4. Rekneskap for 2020
Rekneskap med kommentar ligg vedlagt. Rekneskap er levert til revisor.
Forslag frå styret: Revidert rekneskap vert godkjent.
5. Arbeidsplan for 2021.
Forslag til arbeidsplan ligg vedlagt.
Forslag frå styret: Forslag til arbeidsplan vert godkjent.
6. Kontingentsatsar for 2022
Forslag frå styret: Kontingentsatsane vert ikkje endra. 150 kr for vaksne og 50 kr for dei mellom 7 og 18 år.
7. Budsjett 2021.
Forslag til budsjett ligg vedlagt.
Forslag frå styret: Forslag til budsjett vert godkjent.
8. Val
Innstilling frå valnemnda:
Val av to styremedlemmer for to år: Åsmund Berthelsen og Helen Aasen.
Val av leiar for eit år: Åsmund Berthelsen.
Styremedlemmene: Vetle Aase Øvrebotten, Tone Seljestokken og Nina Seljestokken er ikkje på val.
Varamedlemmer for eit år: 1. Jens Anders Sunde 2. John Magne Sande 3. Jurate Tamosiuniene.
Revisor for eit år: Sigfred Ottar Nøttingnes
Valnemnd: Torbjørn Øvrebotten, Trude Sørbotten og Rudie van Eck
9. Spørsmål om overtaking av eigedommen Gnr. 11 Bnr 31 (Årebrot grendahus) med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar, jamfør vedtak på ekstraordinært årsmøte i i Årebrot Grendahus PL 12.12.2020.

Orientering om saka:

Saka gjeld om Botnane og Årebrot grendalag (BÅG) skal overta eigedomen der Årebrot grendahus står. BÅG har hatt ansvaret for drift og vedlikehald av huset sidan 2015 etter avtale med partslaget for Årebrot grendahus. No har eit ekstraordinært årsmøte i partslaget vedteke å overdra eigedomen til BÅG. Det gjeld sjølve huset, installasjonar og avtalar. Den viktigaste avtala er den partslaget har med Norwegian Sandstone export (NSE) om brakkeriggen som står på eigedomen, og som selskapet betaler leige for.

Partslaget føreset at eigedomen skal vere eiga driftseining og ha eige rekneskap Vidare at eigedomen skal kunne skiljast ut om grendalaget vert oppløyst.

Med positivt vedtak på årsmøte i BÅG skal partslaget ha nytt årsmøte for å gjere endeleg vedtak. Etter eit positivt vedtak vert overføringa gjennomført. Leiaren i styret for Årebrot grendhus, Otto Ullevålseter og Torbjørn Øvrebotten har fått fullmakt til å skrive under avtale om overføringa.

Grendalaget har hatt eigen konto og inntekter og utgifter på huset har vore spesifisert i rekneskapen. Innestående på partslaget sin konto då avtala vart inngått vart ståande som sikkerheit for partslaget til eventuell seinare drift av huset. På denne kontoen er det no kring 430.000 kr. (kontonr 3775.65.63573)

Partslaget vedtok på det ekstraordinære årsmøte at det skal betalast ut 100 kr til alle partseigarane frå denne kontoen. Resten skal overførast til BÅG sin konto for grendahuset på Årebrot, etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i samband med overtakinga er gjennomført. Det vil vere 1700 – 1800 partar som det kan betalast ut til etter at partseigarane har

På kontoen som BÅG disponerar på Årebrot grendahus er det pr.1.4.21 187.180,38 kr. Denne vil ikkje bli påverka av nemnde utbetaling og vil vere konto for grendahuset på Årebrot også i framtida.

Innstilling frå styret:

Årsmøte i Botnane og Årebrot grendalag vedtek å ta over eigedomen Gnr 11 Bnr 31 med tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar på dei vilkåra som Årebrot Grendahus PL har sett i vedtak av 12.12.2020.

Leiar i Botnane og Årebrot grendalag saman med ein person vald av årsmøte får fullmakt til å skrive under avtala.

1.4.2021

Åsmund Berthelsen
(leiar i styret for BÅG)

Vedlegg: Vedtak på ekstraordinært årsmøte i Partslaget Årebrot grendahus
'12.12.20

Vedlegg:

Vedtak på ekstraordinært årsmøte i Partslaget Årebrot Grendahus i sak om oppløysing av partslaget og overdraging av eiendommen:

1. Årebrot Grendahus PL blir oppløyst.
2. Eiendommen Gnr. 11 Bnr 31 med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar overdragast til Botnane og Årebrot grendelag org.nr. 991 604 383. Årsmøte føreset at huset skal vere eigen driftseining og ha eige rekneskap og eiendomsoversikt for framtida og skal kunne skiljast ut dersom BÅG blir oppløyst. Overføringa av eiendommen blir å gjennomføre når BÅG har godkjent overtaking på sitt årsmøte.
3. Innløysing av partar:

Det skal utbetalast pålydande kr. 100,- pr. part til alle partseigarane og resten av kontantbeholdninga på konto 3775. 65.63573, skal overførast til BÅG sin konto for drift av Årebrot Grendahus etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført.
4. Inneståande på Partslaget sin konto etter utbetaling til partseigarane og utgifter til overdraging av eiendommen og avvikling, overførast til Botnane og Årebrot grendelag sin konto for drift av Årebrot Grendahus.
5. Årsmøtet gir Partslaget sitt styre fullmakt til å gjennomføre årsmøtevedtaket og å avvikle Årebrot Grendahus PL.
6. Fullmakt til å underteikne dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga, blir gjeve til leiar i styret for Årebrot Grendahus og ein person som årsmøte vel.